



Det var opptil 50 meter lang kø ved billettuka til Arnardo tysdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sirkusdirektører tek ofte store og svulmande ord i sin munn, men Arild Arnardo gjer det ikkje ofte. For når han denne gongen lova tettpakka kvalitet og god-biter på rad og rekkje i eit rasande tempo i jubileumsframsyninga (60 år!) hadde han full dekning for orda. Truleg er dette eit av kvalitetssirkusets aller beste "årgangar".



Lokale aktører slår ofte an – gøymer nokre av dei som var med tysdag eit talent? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen/Rabben er ein svært god spelestad for Arnardo - både 2007 og 2008 har bekrefta det. Sirkuset vitja Rabben for 26. gong dette året. Det var så godt som fullt hus både i fjor og i år og det er faktisk 1.500 stolar i tellet. Nokon frykta kanskje at det ville bli steikheitt ettersom det var 27 grader ute, men det var faktisk ikkje plagsamt varmt og publikum hadde to store timar.



Arnardo var på Rabben for 26. gong og her tek aktørane imot applausen. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Lett er det ikkje å skilja prestasjonane frå kvarandre og gje nokre fleire terningkast enn andre, men den franske klovnen Francesco er den beste sirkuset har hatt på svært mange år. Han er ei sjarmerande og fascinerande oppleving for både gamal og ung,, noko langt meir enn ein klovn som rasar ut og inn mest for å få tida til å gå. Og så er han ein framifrå pedagog!

Den kinesiske akrobatikken er på plass også i år og kvaliteten til Zhengzhou Aerobatic er usikutabel og forankra i tusenårige tradisjonar. Likevel fall vi ikkje nasegrus for dei to numra deira, det vart liksom for mykje massiv opptreden på ein gong sjølv om samspelet var imponerende.

Derimot var superstjernene Fausto Scorpions fantastiske med sin sjonglering av kroppane til kvarandre – og til lokale "stjerner". Å få representantar for publikum i aksjon er ikkje alltid vellukka, men dette var ein fulltreffar. Kanskje gøymer nokre av dei lokale som var med på eit sirkustalent?

Arnardo klarar betre enn dei fleste sirkus vi har sett den krevjande balansen mellom tradisjon og fornying. Familien sjølv sviktar såleis ikkje – Are og Paolina imponerer med sine illusjonar også dette året og etterlater den samme undring som familien har gjort gjennom alle dei 60 åra: Korleis kan det vera mogeleg?.

Heller ikkje sviktar familien Gärtner med sine ponniar og elefantar og sjølv om numra er aldri så tradisjonelle høyrer dei med i eit ekte sirkus og vil alltid gjera det.

Men det er forfriskande med innslag som det med Maria og diabloane hennar og ekstremjongløren Goncalves. Men numra med luft-akrobatikk har vi

nok sett bedre før.



Kinesisk akrobatikk av høgste klasse.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Nestoren sjølv heldt seg diskret i bakgrunnen denne gongen og var ikkje eingong med inn til slutt for å ta i mot klappsalvane. Då uskedalen.no gratulerte han og ytra at vi kanskje ikkje har sett nokon betre Arnardo-framsyning, var svaret dette:

- Takk skal du ha, vi kan det framleis!

Av Ola Matti Mathisen



Mange drøyer om å ri på ein elefant, men berre få er forunt å få draumen oppfylt. (Foto: Ola Matti Mathisen)